



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Torunn Slettebmark Hovden, 75531549

Varsel om tilsyn - Nexans Norway AS - Rognan - Saltdal

Vi viser til telefonsamtale og e-post 13. februar og varslar med dette at Fylkesmannen vil gjennomføre tilsyn med Rognan-fabrikken til Nexans Norway AS **tysdag 3. mars klokka 10.00**. Tilsynet kjem til å vare i rundt fire timar.

Vi ønsker at ansvarleg leiar for fabrikkjen er med under tilsynsbesøket. Eventuelle andre medarbeidarar med spesielt ansvar for oppfølging av rutiner og internkontroll bør òg vere med. Frå Fylkesmannen stiller Torunn Slettebmark Hovden (tilsynsleiar) og Sten Bruaas (kontrollør).

Bakgrunn

Tilsynet er ein del av den rutinemessige oppfølginga som Fylkesmannen har av konsesjonsbelagte verksemdar. Formålet med kontrollen er å sikre at verksemda drivast etter gjeldande løyve og aktuelt regelverk som er gjeve i medhald av forureiningslova.

Tema som vi kan kome inn på:

- Utslepp til vatn og luft
- Handtering av avfall, inkludert farleg avfall
- Kjemikaliebruk og substitusjon av kjemikalie
- Internkontroll
- Støy
- Avfallsplan i hamn

Vi ber dokker om å ha dokumentasjon for dei aktuelle tema tilgjengeleg.

Grunnlag for tilsynet:

- Utslippstillatelse, datert 20. mai 1999
- Lov om vern mot forurensningar og om avfall, av 13.03.1981 med tilhøyrande forskrifter (avfallsforskrifta, forurensningsforskrifta)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester, av 11.06.1976 med tilhøyrande forskrifter (produktkontrollforskrifta)



- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 (internkontrollforskrifta)

Oppfølging

Dokker vil få ein skriftleg tilsynsrapport innan 1 måned etter tilsynsbesøket. Der vil dokker også få ein frist for å gi tilbakemelding om korleis dokker vil rette opp eventuelle avvik.

Varsel om gebyr

Fylkesmannen er pålagt å krevje inn gebyr ved tilsyn. Ut frå arbeidsomfanget for kontrollen vurderer vi å setje sats 3 i § 39-7 *Gebyr for tilsyn av inntil en dags varighet i virksomheter* (Forureiningsforskrifta) (for 2020 er dette kr 20 000 kr).

Dersom dokker har kommentarar til den varsla gebyrsatsen, må dokker sende det til Fylkesmannen **innan 2 veker** etter dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 16. Vi treff vedtak om gebyr i kontrollrapporten. Det er Miljødirektoratet som kjem til å kreve inn gebyret.

Vi ber om tilbakemelding dersom vi må ha med personleg verneklede/-utstyr.
Ta gjerne kontakt dersom dokker har spørsmål eller merknadar til dette varslat.

Helsing

Oddlaug Ellen Knutsen (e.f.)
seksjonsleiar

Torunn Slettemark Hovden
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjend

Mottakarliste:

NEXANS NORWAY AS	Postboks 6450 Etterstad	0605	OSLO
Saltdal kommune	Kirkegt. 23	8250	Rognan